

Sissel-Anny og Arnulf Hjelmtveit
Seimsstranda 267
5912 Seim

Lindås Kommune
v/ Nina Bakanova
Kvernhusmyrane 20
5914 Istdalstø

Vedr. Dykkar brev av 01.07.2014, ref. 14/5213 – 14/16221

GENERELLE TILLEGGSSOPPLYSNINGAR

I samband med generasjonsskifte på garden (gnr 174 bnr 6) no i haust, har me søkt Lindås kommune om å få skilja ut to parsellar: eit garasjebygg (oppsett 2010) og eit skogsareal som er merkt ut som næringsområde på gjeldande kommuneplan. Løyve om frådelingar er gjeve i brev frå Lindås kommune 20.06.2014 ref 14/3244 – 14/15095.

Arnulf har i år butt på og drive garden i 50 år (Sissel-Anny i 47 år). Først med mjølkeproduksjon, så sauehald, deretter tørrhøyproduksjon og no slær me marka med beitepussar og har nokre leigesauer på beite. I tillegg har me drive Seim gjestehus med turisme på garden. 20. juli flyttar me frå garden til leilighet i Sparbutikken i Seim. Eldste dotter flyttar då inn i huset og overtek når/om alt er på plass i haust, m.a. "hobbybygget" vårt.

I det oppsette garasjebygget som me søker om å få utvida og endra til hobbybygg, har me samla gjenstandar frå dampbåten Gamle Seimstrand kjøpt ny av bygdefolket i 1891 med pant i hus og gard. I 1913, då dampen gjekk ut av drift, kjøpte oldefar til Arnulf, Johannes Totland, dampen privat. Dampen sokk i Seimsfjorden ca 1921, vart heva og seinare sold til Island. Rundt på garden fann me gjenstandar frå båten, m.a. skipsklokka, matklokka, kompass, logg, medisinskrin, livbelte (kåra til landets eldste), livbeltekiste, redningsflåte og anna, det er no samla i "garasjen".

Sissel-Anny var administrasjonssekretær i BNR i fleire år frå 1987 og har samla mykje om selskapets historie og samferdselsutviklinga i Nordhordland, m.a. kopi av styreprotokoll frå 1891, alle BNR-nytt og mykje anna som no er lagra i garasjebygget. Ho er medlem i BNR-veteranane i Knarvik og fekk 40 gamle BNR-tallerkar i gáve frå dei då dei vitja samlinga i fjar.

Dette er ein hobby som me ynskjer å halda fram med når me no trekkjer oss attende frå bondelivet, og vonar at ei bruksendring frå "garasjebygg" til "hobbybygg" kan imøtekomaast frå kommunen si side.

Utvidinga med toalett er for å kunna ta imot og sessa folk som er interesserte i samlinga, og visa filmen om dampbåtane, bussane, vegane og livet før i tida med Leidulv Hundvin (1923-2010) som forteljar i videoopptak Sissel-Anny gjorde tre månader før han døydde. Får me løyve til utviding, kan me ta imot og servera vaflar til ei gruppe på 30 personar. Det er ikkje basert på økonomisk vinst, eller tap. Berre som ei glødande interesse.

Suplerande dokumentasjon:

1. Vedlagt fylgjer fullmakt som gir Sissel-Anny Hjelmtveit rett til å søkja på vegne av heimelshavar. (vedlegg 1)
Eksisterande bygg står på ei tomt som er under handsaming som frådeling frå hovedbruket (sjå punkt 4)
Etter frådeling står både Sissel-Anny og Arnulf Hjelmtveit som eigrarar av denne parsellen. Dette var årsaka til at Sissel-Anny står som søker. Då søknaden vart sendt tenkte me ikkje over at frådelingsprosessen ikkje var ferdig med skøyte o.l.
2. Søknad om bruksendring. Sjå generelle tilleggsopplysningar. - *og Nejera.*
3. Det er ikkje offentleg vatn- og avlaup anlegg i området. Vatnforsyning til bygget vil koma frå eksisterande privat brunn på hovedbruket og avlaup frå toalett (Jets vakuumtoalett) vil gå til eksisterande godkjent Goodtech Biovc på hovedbruket.
4. Tiltaket låg opphaveleg i eit område som er avsett till LNF føremål. Etter frådeling er dette endra. Sjå brev frå Lindås Kommune (vedlegg 2)

Seim 04.07.2014

Sissel-Anny Hjelmtveit
Sissel-Anny Hjelmtveit

Arnulf Hjelmtveit
Arnulf Hjelmtveit